



# Innhold

Eit omstillingsår.....	3
SIM fram til i dag .....	4
Føremålet med selskapet .....	5
Organisering .....	6
Styret.....	7
Tilsette.....	8
Dotterselskap og andre eigarinteresser....	9
Styret si årsmelding .....	10
Driftsmessige tilhøve .....	12
Avfallsmengder.....	14
Attvinning .....	16
Renovasjonsgebyr .....	18
SIM Næring AS.....	20
SIM Transport AS .....	22
SIM Tankrenovasjon AS .....	23
Resultatrekneskap.....	24
Balanse .....	25
Kontantstraumoppstilling .....	27
Konsernrekneskap .....	28
Konsernbalanse .....	29
Kontantstraumoppstilling .....	31
Notar .....	32
Revisjonsmelding .....	39
Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn.....	40

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Svartasmøget  
N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60  
E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as  
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA

### Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,  
Stord, Sveio og Tysnes.

### Innbyggjarar: 57 307

**Abonnentar:** Hus: 23 334 / Hytter: 6 667

**Abonnentar som heimekomposterer:** 3 942

**Avfall per innbyggjar i 2009:** 415 kg

**Kundar med slamavskiljar:** 11 580

I redaksjonen: Torleiv Agdestein

Bilete: Torleiv Agdestein

Grafisk produksjon: Prosjektkopi Vest AS

Trykk: Centrum Trykkeri AS

Opplag: 400

Trykt på resirkulert papir:

Cyclus 115 g, 200 g på omslaget

Framsidebiletet: Anne-Brith Husevik og  
naboar i gang med å rydda i Studalen  
på Stord

# Eit omstillingssår

2009 var først og fremst eit omstillingssår for SIM. Mykje tid og krefter gjekk med til å tilpassa oss nye og strengare krav til avfallsbehandling.

Fylkesmannen kom omsider med det nye driftsløyvet for deponiet, og med det strengare krav til oss. Avfallet som kjem inn skal dokumenterast og kontrollerast betre, reinseanlegg skal byggjast og sigevatnet reinsast – og det skal setjast av pengar til drift av reinseanlegget i 30 år etter at deponiet er avslutta. Me var klar over at krava ville koma og har førebudd oss på dei.

Deponiforbodet, som kom i kraft 1. juli 2009 og forbyr deponering av avfall som har meir enn 10 % organisk innhald, medførte mykje ekstraarbeid. For det første måtte me søkja om dispensasjon frå forbodet, all den tid det ikkje var nok forbrenningskapasitet i marknaden. Dispensasjon fekk me; i første omgang fram til 1. september 2009, seinare til 1. april 2010. Samstundes pågjekk prosessen med anbod på transport og brenning av avfallet. Kontrakts-tildeling fann stad utpå hausten. Det offentlege klageorganet KOFA gav dverre uttale som førte til at me valde å gjennomføra anbodsprosesen på nytt. Ny kontraktstildeling vil finna stad våren 2010. Kor restavfallet då vil ta vegen, er uvisst. Det kan bli både inn- og utland.

Når restavfallet skal brennast i staden for å deponerast i Svartasmøget, vil SIM ha bruk for eit omlasteanlegg. Vidare har selskapet planar om to nye miljøsentralar; ein på Stord og

ein på Bømlo. Styret konkluderte med at omlasteanlegget skulle byggjast på Stord, og aller helst i nærlieken av miljøsentralen. Tre tomter var aktuelle; Eldøyane, Tømmervik og Heiane. Valet fall på sistnemnde. Så snart tomtevalet var gjort, byrja planlegginga av anlegga, eit arbeid som framleis held på.

Den nye miljøsentralen på Bømlo må venta til anlegga på Stord er ferdige. Som kompensasjon er det gjort tilpassingar på den eksisterande miljøsentralen i Hollundsdalen, slik at trafikken flyt betre. Bømlo kommune har funne tomt til ny miljøsentral, men området må regulerast før spaden kan setjast i jorda.

Økonomisk gjekk det godt for SIM også i 2009. Det skuldast først og fremst at me fekk inn større avfallsmengder til deponiet enn rekna med, og at me henta inn att tapet på finansielle investeringar frå året før. Både den kommunale renovasjonsordninga og slamtømminga gjekk med underskot. Det vart kompensert med bruk av fondsmidlar.

Besøket på miljøsentralane auka. I fjor var 11 % fleire innom enn året før. Avfallsmengdene auka derimot ikkje. Det kan tyda på at folk besøker oss oftare enn før. Besøksveksten viser at det er rett av SIM å utvikla miljøsentralane.


Ryddedugnaden som er finansiert gjennom SIM sitt miljøfond vart i fjor utvida til å gjelda alle SIM-kommunane. I løpet av året fekk me tips om eit hundretals forsøpla område.

Miljøfondet fungerer slik meininga var, og det gler oss at folk engasjerer seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

Skuleprosjektet held fram. I fjor var færre klassar på besøk enn før om åra, men i 2010 er elevane på full fart attende. Det er framleis populært å besøka oss.

SIM har trygg økonomi og kompetente medarbeidarar. Utfordringane er mange, men selskapet skal takla dei. SIM skal også i framtida vera ein av berebjelkane i lokalsamfunnet ved å tilby gode og kostnadseffektive renovasjonsløysingar.

Takk til samarbeidspartnarar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i 2009.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Terje Gilje".

Terje Gilje  
dagleg leiar

## SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemde. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Hovudanlegget ligg i Svartasmøget i Fitjar kommune.

SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 57 307 innbyggjarane og 15 – 20 000 hyttebrukarane i medlemskommunane. I alle kommunane er det kjelde-sortering med dunkar for høvesvis bio-, papir- og restavfall.

Innbyggjarane i medlemskommunane kan gjera seg nytte av SIM sine miljøsentralar og returpunkt for glas-



Kompostoperatør Einar Breivik er nøyen med å ta prøver av kompostmolda. Strenge krav skal oppfyllast før produktet kan seljast.



og metallallasje. Hushalda kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plastellasje, hageavfall og meir. Dette avfallet må abonnementane sjølve levera til miljøsentralane.

I Svartasmøget er det administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av våt-organisk avfall, i tillegg til anlegg for mottak og handsaming av avløpsslam. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylla nye miljøkrav og å utnytta ressursane i avfallet.

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Nærings AS. Selskapet skal ta seg av avfall frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er konkurranseutsette.

SIM Nærings AS skilde i 2001 ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS. Dette selskapet har ein stor del av transportverksemda si på Haugalandet, særleg Karmøy. Målsetnaden er å bli dyktig på transport av avfall, og å reindyrka denne aktiviteten.

SIM Nærings AS kjøpte i juni 2007 Opdal Tankrenovasjon AS i lag med investeringsselskapet Enviro Invest AS. SIM Nærings AS eig 64 % i selskapet, som ved overtakinga fekk namnet SIM Tankrenovasjon AS. SIM Tank held til på Frakkagjerd i Nord-Rogaland og tilbyr slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester.



Meldinga frå kundehandsamar Olaf Skram til elevane frå Malmanger skule er klar: - Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak.  
Det må ikkje kastast i naturen.

## Føremålet med selskapet

I paragrafane 4 og 5 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidare-sending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast til destruksjon eller attvinning.
4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet skal vidare, i nært samarbeid med kommunane, informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet. Informasjonsarbeidet skal det leggjast vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
5. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljørette løysingar, t.d. når det gjeld attvining.
6. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

# Organisering

Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap til SIM, medan SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS er datterselskap til SIM Næring AS. Alle selskapa har eiga generalforsamling, eige styre og eigen dagleg leiar.

## Representantskapet


Folketalet avgjer kor mange medlemer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemmer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet hadde to møte i 2009 (24. april og 20. november) og handsama 18 saker.


## Styret

Det er éin styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin observatør frå dei tilsette i styret. Representantskapet vel styremedlemene.

Styret hadde 10 møte i 2009 og handsama 51 saker.



Sjå sidene 20-23 for informasjon om SIM Næring AS, SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS.



## Styret i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

### Austevoll

**Olav P. Årland**  
(leiar)

*Varamedlem:*  
Anne Mari Otterå  
Halstensen



### Bømlø

**Anne T. Johannessen**  
(frå 24. april)

Magne Rolfsnes  
(til 24. april)

*Varamedlem:*  
Dag Helge Hellen (frå 24. april)  
Ruth Bemy Lønning (til 24. april)



### Fitjar

**Rune Sandvik**  
(frå 24. april)

Anne Line Innvær  
(til 24. april)

*Varamedlem:*  
Helga Auestad (frå 24. april)  
Gisle Levåg (til 24. april)



### Kvinnherad

**Øyvind Hardeland**  
(frå 24. april)

Øystein Herskedal  
(til 24. april)

*Varamedlem:*  
Øystein Herskedal (frå 24. april)  
Jostein Grov (til 24. april)



### Stord

**Reidunn Aa. Hatlevik**  
(nestleiar)

*Varamedlem:*  
Oskar Emil Langeland



### Sveio

**Svein Nesse**

*Varamedlem:*  
Sigrid Hovda



### Tysnes

**Grethe Barmen**

*Varamedlem:*  
Torstein Hatlevik



### SIM

**Kjell Egil Hollund**  
(fagkunnig, utan  
stemmerett)

*Varamedlem:*  
Arild Vik





Nok eit lass på plass. Deponioperatør Kristoffer Vik har jobben med å komprimera boset på deponiet og ventar på å sleppa til.

#### Faste stillingar i SIM i 2009:

**Dagleg leiar:**

Terje Gilje

**Driftsleiar innsamling og kommunal drift:**

Kjell Egil Hollund

**Driftsleiar slutthandsaming av avfall:**

Jens Bakke

**Personal og økonomi:**

Trude Vedå

**Kundehandsamarar:**

Trine Tverborgvik og Sissel Lønning

**Informasjonsmedarbeidarar:**

Torleiv Agdestein (permisjon til 4. november)

**Rådgjevar:**

Arild Vik

**Operatør deponi:**

Kristoffer Vik

**Operatør kompost:**

Einar Breivik

**Kundehandsamar miljøsentral Svartasmøget:**


Olaf Skram og Helge Sæterbø

**Kundehandsamar miljøsentral Kvinnherad:**

Ove Tungesvik

**Kundehandsamar miljøsentral Austevoll:**

Ingjald Birkeland (27 % stilling)



# Dotterselskap og andre eigarinteresser



**SIM  
Næring AS**

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap av SIM.

Selskapet tek hand om næringsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet. Målsetjinga til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfallshandtering.

Kontor og sorteringsanlegg ligg i Eldøyane næringspark på Eldøyane i Stord kommune. 31.12.09 hadde selskapet 19 fast tilsette. Omsetninga i 2009 var på 68,5 millionar kroner. Overskotet etter skatt var på 1,75 millionar kroner.



**SIM  
Transport AS**

SIM Transport AS er eit heileigd dotterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typar transportoppdrag; flest i Sunnhordland og på Haugalandet, men òg andre stader i landet.

SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 31.12.09 39 fast tilsette. Omsetninga i 2009 var på 47,1 millionar kroner. Underskotet etter skatt var på 2,47 millionar kroner.



**SIM  
Tankrenovasjon AS**

SIM Næring AS eig 64 % i SIM Tankrenovasjon AS. Investeringsselskapet Enviro Invest AS eig resten. SIM Tankrenovasjon AS held til på Frakkajerd i Nord-Rogaland og tilbyr slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletjenester. 31.12.09 hadde selskapet 16 fast tilsette. Omsetjinga i 2009 var på 30 millionar kroner. Overskotet etter skatt var på 3,33 millionar kroner.



SIM Næring AS eig 260 av 11 946 aksjar (2,18 %) i Retura, som er eit administrativt selskap eigd av ulike avfallsselskap kringom i landet. Retura sel avfallstjenester til kundar i store delar av landet. Det utførande leddet er eigarselskapa. Omsetninga til Retura i 2009 var på 70 millionar kroner.



SØRVEST VARME

SLab er eit laboratorium for akvakultur, vatn og mat og vart stifta januar 2004 (tidlegare laboratoriet til Næringsmiddeltilsynet).

SIM eig 100 av i alt 1 345 aksjar, ein eigardel på 7,4 %.

Sørvest Varme AS vart skipa i desember 2003 og er eigd av Haugaland Kraft AS, Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2 000 aksjar, ein eigardel på 38,2 %.

Sørvest Varme AS har som mål å greia ut om det er føremålstøyting å byggja forbrenningsanlegg i regionen. Det var lite aktivitet i selskapet i 2009.



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av 58 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Desse selskapene har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 200 av 4 699 aksjar i Rekom AS, ein eigardel på 4,26 %.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Selskapet skal hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for att-

vinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som mogleg for omsetning av avfallet.

Omsetninga i 2009 var på om lag 230 millionar kroner. Totalt vart det omsett 440 000 tonn avfall. Dei største fraksjonane var restavfall til energiutnytting, hushaldspapir og bølgjepapp til materialattvinning, og trevirke.

# Styret si årsmelding

## Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall, tömming av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutt-handsaming ved komposterings-anlegg eller deponi.

Mengda av innsamla hushaldsavfall på renovasjonsrutene auka med 0,7 % frå 2008 til 2009, medan hytteavfall gjekk ned med 4,2 %. Næringsavfall innsamla på renovasjonsrutene gjekk ned med 2,1 %. Kvar innbyggjar leverte i 2009 415 kilo avfall. Besøket på miljøsentralane auka med 11,3 %.

Samanlikna med talet på kundar vart det i 2009 registrert svært få klager. Slik styret ser det, er kundane godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga.

## Økonomi

SIM hadde i 2009 ei inntekt på 79,8 millionar kroner. Resultatet var på 9,57 millionar kroner.

Selskapet hadde eit underskot på kommunalt avfall på 1,55 millionar kroner. Dette vert dekka av renovasjonsfondet, som ved årsskiftet var på 8,9 millionar kroner. Fondet vil verta bygd ned når restavfallet i framtida skal brennast. Det er dyrare å brenna restavfall enn å deponera det.

Slamtømmeaktivitetane hadde eit underskot på 217 000 kroner. Det

vert dekka av tidlegare års overskot på denne tenesta. Slamfondet var ved årsskiftet på 141 000 kroner. Sidan det ikkje vil bli bygt energigjenvinningsanlegg i regionen no, vil SIM avskriva resten av verdiane selskapet har tilført SørVest Varme AS.

SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i 30 år etter avslutting. For å dekka framtidige kostnader med dette, har det i mange år blitt sett av midlar. I 2009 vart det sett av 0,9 millionar kroner. Om dette er nok, er uklart. Trongen for pengar til reinsing vart vesentleg større enn før med krava i det nye driftsløyvet. Styret meiner likevel SIM er godt budd på framtidige miljøkrav, då eigenkapitalen i selskapet er god.

Styret meiner årsrekneskapen gir eit rett bilet av SIM sine eigneluter og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnadene for framleis drift er til stades.

## Disponering av overskot

Overskotet på 9,57 millionar kroner vert lagt til selskapet sin eigenkapital.

## Finansielle investeringar

SIM har ein investeringsstrategi med låg til moderat risiko. Om lag 15 % av midlane er plasserte i aksjefond, det resterande i obligasjonar/penge-marknad. To profesjonelle selskap plasserer pengane for selskapet. SIM sine verdipapir hadde 31.12.09 7,7 millionar kroner høgare verdi enn eitt år tidlegare.

## Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2009 var det 14,3 årsverk i SIM. Tre av dei tilsette var kvinner. Sjukefråværet i løpet av året var på 3,4 %. Av dette var 2 % kort-tidsfråvær og 1,4 % langtidsfråvær. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær.

Selskapet har som mål at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen.

## Ytre miljø

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vart overvaka i tråd med miljøstyresmaktene sine retningslinjer og prøvetakningsprogram. System for oppsamling av deponigassar er installert, og innsamla gassar vert avfakla.

Sigevatnet hadde i 2009 lik karakter som året før. Totalutsleppet var om lag likt som i 2008. Enkelte parametrar var anten høgare eller lågare, men dette skuldast naturlege variasjonar. Nivået av tungmetall og organiske miljøgifter var ikkje høgt i sigevatn eller sigevassediment. Nivået av metall i sigevatnet låg på same låge nivå som dei føregåande åra. Det vart ikkje påvist negativ påverknad på grunnvatnet nedstrøms eller under deponiet.

Selskapet har faste aktivitetar for å halda skadedyr borte frå fyllplassen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og aktivitetar som kan gje lukt i nærområdet vert følgt opp.

## Konsern

SIM-konsernet består av fire selskap; Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, SIM Næring AS, SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS. Morselskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS har sin hovedaktivitet knytt til kommunal renovasjon og slamtømming. SIM Næring AS er 100 % eige av SIM og har drift av avfallsordninga for næringslivet som hovedaktivitet. SIM Transport AS er 100 % eige av SIM Næring AS og utfører transporttenester innan avfallsområdet. SIM Tankrenovasjon AS er 64 % eige av SIM Næring AS og tilbyr slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester.

## Framtida

Fylkesmannen har gjeve SIM nytt løye for drift av deponiet. SIM prøver å finna ut kor mykje avslutting og etterdrift vil kosta, og kva som er rett løysing for reinseanlegg. Avfalls mengdene til deponiet vil gå kraftig ned som følgje av deponiforbodet.

Selskapet skal byggja omlaste-anlegg og miljøsentral på Heiane på Stord. Grunnarbeidet starta opp



Vegane i Fitjar kan bli i smalaste laget når SIM-bilane møtest.

i 2009. Venteleg vil begge anlegga opna i første halvdel av 2011. SIM vil få trond for ei mellombels løysing for omlasting av restavfall, all den tid restavfallet skal brennast før omlasteanlegget står ferdig. SIM samarbeider med andre avfallsaktørar på Vestlandet om eit felles anbod på transport og brenning av avfall. Det er venta at kontrakt vil bli tildelt våren 2010.

Også på Bømlo skal det byggjast miljøsentral, men denne vil koma etter anlegga på Stord.

Gjennom SørVest Varme AS har SIM sidan 2003 arbeidd for å finna ut om det er rett å byggja eit forbrenningsanlegg i regionen. Det har vore lite aktivitet i selskapet i 2009. SørVest Varme AS vil bli oppretthalde for å sjå om det skjer endringar i ramme-vilkåra for brenning av avfall.

Styret kjenner seg trygg på at SIM også i framtida kan gje kundane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

Fitjar, 18. mars 2010

Olav P. Årland  
styreleiar

Reidunn Aa. Hatlevik  
nestleiar

Grethe Barmen

Dag Helge Hellen

Øyvind A. Hardeland

Rune Sandvik

Svein Nesse

Terje Gilje  
dagleg leiar



Alle skuleklassar som vitjar SIM vert inviterte med på ein teiknedugnad. Hausten 2009 vart klasse 4B ved Leirvik skule i Stord kommune trekt ut som vinnar. Framme f.v.: Iver Fiveland Løkhammar, Bobby Tu Doan, Emilie Hansen Ueland, Emilie Berge Haukefær og Halvor Phillips Stubhaug. Midten f.v.: Ram Andre Fylkesnes, Camilla Bukkøy Larsen, Yvonne Riise, Steffen Kvamme Larsen, Guro Skulstad, Petter Holm Neset og Melisa Kaya. Bak f.v.: Sigurd Søreide, Bjørnar Torkildsen Skorpen, Sondre Tranøy Handeland, Ingrid Hjellestad Iversen, Shakr Hamaideh, Kristina Vraspillai og Tor Koppang.

## Driftsmessige tilhøve

### Avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio og papir) og avfall frå returpunktene (glas- og metallsemballasje) auka til saman med 0,7 % frå 2008 til 2009. Totalt gjekk mengda av hushaldsavfall ned med 1,4 %.

I alt leverte kvar innbyggjar 415 kg avfall. Attvinningsprosenten var 51. Næringsavfall til deponi frå SIM-kommunane auka med 1 %. Næringsavfall til deponi frå andre kommunar

gjekk ned med 42,1 %, hovudsakleg på grunn av mindre mengder frå BIR/Bergen enn før om åra.

### Miljøsentralane

Talet på kundar som vitja miljøsentralane auka også frå 2008 til 2009. Alt i alt var det 33 581 vitjingar på dei seks miljøsentralane i 2009; 11,3 % fleire enn året før. Det kom inn 9 481 tonn avfall på miljøsentralane, ein nedgang på 5 %. Alt i alt kom 32 % av hushaldsavfallet



Avvatningsoperatør Ole Andreas Endresen i gang med nok ein kumme. Slamtømmeaktivitetane gjekk med eit lite underskot i 2009.

inn via miljøsentralane. Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein fjerdepart av det det kostar å driva tilboden.

## Hytterenovasjon

Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane og ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye konteinerstader kjem til og kapasiteten på eksisterande lokalitetar vert auka.

I dei største hyttekommunane var det i 2009 tømming to gonger per veka i heile juli og halve august, mot normalt éin gong i veka i sommarhalvåret.

## Slamtømming

I 2009 var det tømming av slamavskiljarar for heilårsbustader i Bømlo og Sveio, og både heilårsbustader og fritidshus i Austevoll, Kvinnherad og Stord.

## Kompost

Komposteringsanlegget tok imot 3 591 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 3 989 tonn frå andre kommunar. Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle miljøsentralane i området, og er eit populært jordforbetringsprodukt. Prisen i 2009 var kr 300 per tonn og salet gav ei inntekt på kr 834 000 eks. mva.

## Deponi

I 2009 vart det levert 37 952 tonn avfall til deponiet i Svartasmøget. Strengare krav til levering av avfall til deponi gav ekstraarbeid i kundemottaket og på deponiet. SIM kontrollerer avfallet visuelt før og etter lossing, og sjekkar kvart 100. lass nøgnare. Ved behov vert det teke prøvar av avfallet.

## Næringskundar på ruter for hushaldsavfall

Avfall frå næringskundar vert vege og elektronisk registrert ved hjelpe av strekkodar på dunkane. I 2009 kom det inn 925 tonn restavfall, 225 tonn papir og 222 tonn bioavfall.

## Ny transportør

Renovasjon Øst har sidan 1. oktober 2009 henta bos i Austevoll, Kvinnherad og Tysnes. Firmaet, som er heimehøyrande i Hallingdal, hadde det billegaste tilboden då boskøyringa vart lyst på anbod. SIM Transport AS er framleis transportør i Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio.

## Ryddedugnad

Ryddedugnaden som er tufta på SIM sitt miljøfond vart i 2009 gjennomført i alle SIM-kommunane. Tiltaket er vorte populært, og mange innbyggjarar har teke oppmodinga om å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

## Informasjon

SIM-nytt, sentralbord, tømmekalenderer, Internett og pressemeldingar er framleis dei viktigaste

informasjonskanalane. I 2009 var det mindre aktivitet på informasjonssida enn vanleg, då informasjonsmedarbeidaren hadde permisjon dei 10 første månadane av året.

Alle huseigarar og verksemder mottok to utgåver av SIM-nytt. Alle hytteabonnementar fekk tilsendt eit hytte-SIM-nytt ved påsketider. Tømmekalenderen vart sendt ut som eiga postsending i desember. I samband med slamtømming i kommunane Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Stord og Sveio vart det sendt informasjonsblad til abonnementane. Ryddedugnaden som er tufta på SIM sitt miljøfond vart kunngjort med lysingar i lokalavisene.

Det var seks utgåver av Stuttnytt, SIM sitt internblad, som no ligg på ei passordbelagt nettside.

575 skuleelevar var i Svartasmøget for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. 44 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Likeeins vart det gjeve tilskot til loppemarknader og til firma som driv eksport av brukte klede til Aust-Europa.



*SIM sitt miljøfond var medverkande til at ein fekk fjerna og hogd opp denne båten, som hadde lege til irritasjon for mange i Sagvåg. Jobben vart utført i samarbeid mellom Stord kommune, hamnestellet og SIM.*


# Avfallsmengder

Mengda av hushaldsavfall i SIM-kommunane gjekk ned med 1 % fra 2008 til 2009. Næringsavfall auka med 2 %.

I alt mottok SIM 23 428 tonn hushaldsavfall fra medlemskommunane. Attvinningsprosenten var 51, mot 52 i 2008, 57 i 2007, 52 i 2006, 54 i 2005, 47 i 2004 og 48 i 2003. For fraksjonane rest-, bio- og papiravfall, og glas- og metallballasje var det ein auke på 1 % samanlikna med 2008.


I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Tala er justerte for rettast mogeleg deling av hushalds- og næringsavfall.

## Avfall henta heime hos folk:



Til saman: 14 457 tonn

## Mengder til deponi (i tonn):




## Resultat frå avfallskontrollar av restavfallet (i %):

Fraksjon	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Papp/papir	9,8	7,8	8,9	7,0	10,5	9,3	8,0	10,0
Plast	11,6	16,8	15,9	15,9	19,7	11,3	21,6	29,0
Matrestar	11,4	14,3	21,0	19,4	13,2	17,6	11,4	11,2
Bleier/bind	16,4	11,4	7,5	16,9	12,2	2,8	12,7	5,8
Anna brennbart	33,1	26,1	29,7	21,3	28,5	39,6	25,0	26,0
Glas	4,0	4,7	3,7	4,9	5,0	7,5	3,4	4,0
Metall	3,9	5,2	3,2	4,7	3,2	3,4	3,0	3,3
Anna ikkje brennb	5,2	10,2	4,0	5,8	4,1	5,4	10,6	6,7
EE-avfall	0,8	0,7	1,6	1,4	1,5	1,2	0,2	0,6
Farleg avfall	0,6	1,0	1,2	0,7	0,8	0,3	0,8	0,8
Finstoff	3,6	1,1	3,4	2,0	1,3	1,6	3,4	2,6

Note: SIM kontrollerer med ujamne mellomrom restavfallet. I slike tilfelle vert innhaldet i eit tilfeldig utval avfallsdunkar kontrollert for å sjå om abonnentane sorterer i tråd med retningslinene. Med uttrykket «farleg avfall» reknar ein heile produktet, medrekna emballasje, ikkje berre den delen av produktet som faktisk er farleg.

## Samla avfallsmengder som SIM tek hand om, medrekna heimekompostering (i tonn):



Note: Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak og panteordningar for boksar og flasker.

# Attvinning

Avfall vert attvunne på tre måtar:  
Ombruk, materialattvinning og  
energiutnytting.

## Ombruk

Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

## Materialattvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialattvining. Døme er papir (de-ink) som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.

## Energiutnytting

Når avfall vert brukt som energikjelde, kallar ein det energiutnytting. Døme er når restavfall vert brent og nytt til oppvarming.

I 2009 vart 51 % av hushaldsavfallet som SIM mottok frå medlemskommunane attvunne. I tillegg kom avfall som vart samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, og EE-avfall som blir levert direkte til forhandlar av slike produkt.

## Heimekompostering


17 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, 1 % færre enn i 2008. Totalt er det 3 167 registrerte bingar. I tillegg kjem 775 kundar som deler bingene med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Om kvar innbyggjar produserer 90 kilo bioavfall i året, vart det i 2009 heimekompostert 887 tonn avfall.

*Kven sa det var keisamt i Svartasmoget? Her har nokre elevar frå Leirvik skule funne ein leikebil einkvan hadde kvitta seg med på miljøsentralen. Fullt brukbar.*



### Hushaldsavfall til attvinning (i tonn)



På tampen av året stod det store mengder EE-avfall i Svartasmøget på vent for å bli henta.



# Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 70 %) og abonnementsgebyr (ca. 30 %).

Dunkgebyret er likt i alle medlemskommunane. Abonnementsgebyret ut frå SIM er også likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjostenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på abonnementsgebyret for å dekka sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune.

Også for hyttekundar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt. Årsaka

til at betalingssatsane likevel varierer, er den same som over.

Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

## Målet med gebyrordninga

Målet med gebyrordninga er å få mindre avfall og meir attvining. Det er i tillegg eit mål for SIM å ha likt renovasjonsgebyr i medlemskommunane.


Gebrya skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtømming i

kommunen; både SIM sine utgifter og kommunen sine. Det er kommunestyret som fastset gebyret i sin kommune.

## Abonnentane kan spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall, slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement i 2010 [i kr, inkl. mva]:  
(gebyrinntekt til kommunen delt på abonnentar)



Renovasjonsgebyr fritidsbustad i 2010 [i kr, inkl. mva]:







Full produksjon på komposteringsanlegget i Svartasmøget.

### Dette går gebryret ditt til


(Rekna ut frå eit snittgebyr  
på 1 855 kroner i 2009)



### Slamtømmegebyr for heilårshus i 2010 [i kr, inkl. mva]



### Kommunalt abonnementsgEBYR for hus i 2010 [i kr, inkl. mva]





# SIM Næring AS

## Oppgåve

Å tilby bedrifter og næringsliv i Sunnhordland og på Haugalandet eit heilskapleg tilbod innan avfallshandtering.

## Bilar

3 komprimatorbilar som kører næringsruter i Sunnhordland (restavfall, papir og bio).  
1 skapbil som hentar farleg avfall.

## Omsetning og resultat

Omsetning: 68,5 mill. kr.  
Resultat etter skatt: 1,75 mill. kr.

## HMT

Sjukefråvær: 3 %.  
1,1 % var kortvarig, 1,9 % langvarig.  
2 arbeidsulukker medførte fråvær.  
1 hending påførte tredjeperson materielle skader.

**Skipingsår:** 1997.

**Eigarstruktur:** Heilegd datterselskap av SIM.

**Tilsette:** 19.

## Styret



Terje Gilje,  
leiar



Ragna Flotve



John Martin  
Mjaanes



Annbjørg Skjerve



Magne Rommetveit



*SIM Næring AS har tilsette med høg kompetanse og eit moderne anlegg for mottak av alle typar farleg avfall. Her er Rune Lunde i aksjon.*

## Nøgd med 09 – bur seg på tøffare tider

**SIM Næring AS opplevde ein liten baksmell mot slutten av året, men er stort sett nøgd med 2009.**

- Rett nok nådde me ikkje budsjettet, men enda likevel opp med eit fint overskot. No går me tøffare tider i vente, men det skal gå bra. Selskapet har både kompetanse og utstyr til å møta utfordringane, seier dagleg leiar Jan Olaf Bommen i SIM Næring AS.

Baksmellen kom på slutten av året, då finanskrisa byrja å merkast i regionen. Mindre aktivitet i næringslivet førte til mindre avfall, og dermed mindre å gjera, for SIM Næring AS. Konkuransen om kundane vart også hardare, i og



Dagleg leiar Jan Olaf Bommen.

med at eit anna renovasjonsselskap etablerte seg i regionen.

- Prisane vart pressa og marginane mindre, men me hadde nok å gjera heile året, seier Bommen.

Leieren gler seg over at selskapet også erobra nye marknader i fjor. I Odda er dei to største verksemndene, Boliden og TTI, no SIM Næringskundar. Det kan gje ringverknader. Bommen håpar fleire verksemder i Hardanger vil meldा seg på.

På Haugalandet, der SIM Nærings har ein femtedel av marknaden, var det stor aktivitet i heile 2009. Innan demolering var det også mykje å gjera. Behandling av avfall frå plattformhogging er vorte ei viktig inntektskjelde for selskapet.

### Må bli flinkare

SIM Nærings AS bur seg på trøngare kår i 2010, då finanskrisa vil merkast endå sterkeare.

- Konkuransen vil bli tøffare og presset på prisane hardare. Me må bli betre på det me gjer og flinkare til å utnytta samarbeidet med dotterselskapa våre, seier Bommen.

- Er det fare for oppseiingar?

- Me vil bli nøydde til å vurdera både bemanning og selskapsstruktur.

### Nye marknader

Trøngare tider, ja vel, men 2010 opnar også for nye marknader.

- Bygg- og anleggsavfall vil koma sterkt. Styresmaktene fokuserer veldig på dette. Bygningsbransjen opplever strengare krav til avfallsbehandling, og er me flinke, kan det gje oss auka aktivitet. Vidare har me enno mykje å henta på farleg avfall.

SIM Nærings AS har satsa mykje på farleg avfall. Fraksjonen har vist seg å vera reine dørpnaren for selskapet.

- Kundeforholdet byrjar ofte med at me tek oss av det farlege avfallet. Så viser det seg gjerne at kunden ynskjer ein totalleverandør. Mange gonger endar det med at me får hand om alt avfallet frå selskapet, seier Bommen.

### Rett organisert

- Er måten SIM organisert på, med eit interkommunalt selskap på toppen og underliggjande datterselskap, tenleg for dykk?

- Ja. Den skaper avstand og klårt skilje mellom lovpålagde og

marknadsretta tenester. Som aksjeselskap i SIM-konsernet står me fritt til å ta raske, strategiske avgjerder. Til no har me også fått bruka driftsoverskot til å utvikla selskapet og avfallsløysingane.

### Utfordringar

Utfordringa i 2010 vert å oppretthalda aktiviteten og å klara tena pengar på kundar som må stramma inn.

- Me står godt rusta. Selskapet har arbeidd målretta med kompetanseheving og utstyrssforning. Det vil gje oss eit fortrinn no, meiner Bommen.

Etableringa på Sund på Karmøy vert ei anna utfordring. Der skal selskapet byggja base for den vidare satsinga på Haugalandet. I første omgang er det snakk om å leiga lokale. Innflytting blir i august 2010.

Ei tredje utfordring er prisutviklinga på restavfall som følgje av deponiforbodet.

- Me er spente på dette. Får me ikkje til gode nedstraumsløysingar, kan me få problem i høve til konkurrentane, trur Jan Olaf Bommen.

*SIM Nærings AS ligg strategisk til på Eldøyane med Aker Stord AS som nabo.*





**SIM**  
Transport AS

#### Oppgåve

Å tilby private og verksemder i Sunnhordland, på Haugalandet og i bergensområdet transportløysingar innan avfalshandtering.

#### Bilar

14 komprimatorbilar som kører restavfall, bioavfall og papir.  
1 liftbil til mindre konteinarar.  
7 vognsett til større konteinarar.

#### Omsetning og resultat

Omsetning: 47,1 mill. kr.

Resultat etter skatt:  $\div 2,47$  mill. kr.

#### HMT

Sjukefråvær: 13,2 %.  
1,1 % var kortvarig, 12,1 % langvarig.  
1 arbeidslukke medførte fråvær.  
9 hendingar påførte tredjeperson materielle skader.

**Skipingsår:** 2001.

**Eigarstruktur:** Heilegd dotterselskap av SIM Næring AS.

**Tilsette:** 39.

#### Styret



Per Brynjulf  
Bergesen, leiar



Ragna Flotve



Kjell Espen Søraas



Jan Innvær  
(fra dei tilsette)

## Nok eit tøft år for transporten

**2009 var eit veldig utfordrande år for SIM Transport AS.**

- Selskapet har vakse mykje og slite med manglande stabilitet i leiing og organisasjon. Det har også vore vanskeleg å få tak i stabile sjåførar, sjølv om dette er mykje betre no. Alt i alt har me hatt vanskar både med å oppfylla krav i kontraktar og tena pengar, seier Nils Magne Helle.

Bømlingen tok over styringa i SIM Transport AS 1. juli i fjar, som tredje leiaren det året. Helle kom frå jobb som prosjektleiar i Tide Buss.

- Me har mangla kompetanse i driftssamanhang, ja, rett og slett forståing for korleis eit transportselskap med bortimot 50 tilsette skal drivast. Mi oppgåve var å ta tak i dette og få struktur på organisasjonen, seier han.

#### Manglande kontroll

- Kva var dei konkrete utfordringane?


- Me trong betre kontroll på produksjonen, oversikt over distanse og tidsbruk på eksisterande avtalar og betre system for førebyggjande vedlikehald av materiell og utstyr. Det var også viktig å gje dei tilsette ein meir forutseieleg arbeidsdag.

Og sjølv om det går rett veg, har Helle fått erfara at ting tek tid.

- Éin ting er å etablera system, noko anna er å halda det i live. Det har vist seg veldig tidkrevjande å få gode rutinar på plass, men me tek nye steg kvar dag.

#### 2009 i minus

Resultatmessig vart 2009 nok eit år med underskot for SIM Transport AS. Botnlina viser minus 2,47 millionar kroner. I følgje Helle skuldast det ein kombinasjon av driftsunderskot og at verdiane i selskapet ikkje har vore reelle.



Daglig leiar Nils Magne Helle.

- Me har også hatt for dårlig kontroll med tidsbruken på dei faste kontraktane. Bilane har køyrt for mange unødvendige kilometer.

#### Mista tre kommunar

Første oktober mista SIM Transport AS kontrakten på transport av husholdsavfall i kommunane Austevoll, Kvinnherad og Tysnes. Resultatmessig fekk det lite å seia, men selskapet måtte seia opp folk og kvitta seg med materiell. Det var i samband med salet Helle fekk erfara at bokførte verdiar i selskapet ikkje var så høge som rekna med.

- Er transportselskapet liv laga?

- Ja, men drifta må korrigera. Me budsjetterer med balanse i 2010, men ser no, etter to tøffe vintermånader, at det kan bli vanskeleg å klara. Utfordringane vert å vera tøffe nok til å styra etter føresetnadane, seier Helle og gler seg over god stemning i selskapet. Dei tilsette trivst, det viser korttids-sjukefråværet på berre 1,1 %.

#### Først system, så nye oppdrag

- Er SIM-kontrakten ein god kontrakt for dykk?

- Den har ikkje vore det, men bør kunna bli det. Det handlar som sagt om å få betre kontroll på drifta.

- Har de andre, nye transportoppdrag i sikte?

- Nja. Me må først få system i eige hus. Det får me i løpet av året. Deretter kan me sjå etter nye beitemarker, sluttar dagleg leiar Nils Magne Helle.



**SIM**  
Tankrenovasjon AS

#### Oppgåve

SIM Tankrenovasjon AS tilbyr næringsliv og private på Haugalandet og i Sunnhordland slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester.

#### Bilar

3 tørrsugarar, 3 spylebilar,  
2 slamsugarar, 2 ADR-bilar for  
oljehaldig avfall, 1 fjernsynsbil med  
fleire stakekamera, 1 krokbil og  
1 skapbil til rørforning.

#### Omsetning og resultat

Omsetning: 30,05 mill. kr.  
Resultat etter skatt: 3,33 mill. kr.

#### HMT

Sjukefråvær: 13,8 %.  
4,8 % var kortvarig, 9 % langvarig.  
0 arbeidslukker medførte fråvær.  
1 hending påførte tredjeperson  
mindre materielle skader.

**Skipingsår:** 2007.

**Eigarstruktur:** Dotterselskap av SIM Næring AS (64 %) og Enviro Invest AS (36 %).

**Tilsette:** 16.

#### Styret



Terje Gilje,  
leiar



Jan Olaf  
Bommen



Reidar Isdal



Per Olav Opedal

## Tankrenovering god butikk

**SIM Tankrenovasjon AS merka ikkje noko til finanskrisa. I fjor passerte selskapet for første gong 30 millionar kroner i omsetning.**

- 2009 var eit veldig godt år, jamvel betre enn 2008. Dermed har me to gode år bak oss. Det går veldig bra om dagen, seier dagleg leiar Bent Johan Jacobsen.

#### Hovudoppdrag

Årsresultatet vart på 3,33 millionar kroner og skuldast hovudsakleg omfattande arbeid på Westcon og Kårstø-anlegget.

Ølensfirmaet Westcon har utført vedlikehald på oljeplattformer både i 2008 og 2009. SIM Tank si oppgåve har vore å fjerna slam og oljehaldig avfall frå tankar og kjettingkassar på plattformene. Selskapet hadde tre-fire bilar på plattformprosjekt i fjor.

På Kårstø hadde selskapet to tørrsugarar gåande store deler av året. Oppgåva var å fjerna sand frå kabelgrøfter.

Arbeidet med slamtømming i Tysvær kommune, som selskapet har hatt i mange år, er også ein god basisaktivitet.

- Me har vunne kontrakten på tømming av private og kommunale



Daglig leiar Bent Johan Jacobsen.

slamavskiljarar i Karmøy kommune og skal i løpet av to år tømme 6 000 tankar, seier leiaren og fortel at det også har teke seg opp med andre typar oppdrag.

Det har blitt meir å gjera med rørforning, men ikkje så mykje som Jacobsen hadde håpa på.

- Rørforning er framleis ukjent for mange. Me kjem til å marknadsføra tilbodet betre, både gjennom fjernsyn, radio og aviser, og håpar aktiviteten vil ta seg opp, seier han.

#### Nye bilar

SIM Tankrenovasjon AS fekk to nye bilar i fjor; éin for tørrsuging og éin for oljehaldig avfall. Begge har vore i full drift sidan før sommaren. Verkstadportane på anlegget på Frakkagjerd vart skifta. Dermed fekk mekanikaren betre arbeidsmiljø. I mai 2010 kjem det endå ein bil. Den skal brukast til septikkøyring. Det er 16 fast tilsette i selskapet, men kanskje må det inn éin til.

- Me forventar meir arbeid både på spylling, rørforning og slamsuging. Dessutan vil me få det travelt både på Westcon og Kårstø. Det er grunn til å sjå lyst på framtida, sluttar Bent Johan Jacobsen.



Fra arbeidet med rørforning i ei gate i Haugesund.

# Resultatrekneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	Resultat 2009	Budsjett 2009	Resultat 2008
<b>Driftsinntekter</b>				
Driftsinntekter		79 810 588	73 895 204	76 262 178
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>79 810 588</b>	<b>73 895 204</b>	<b>76 262 178</b>
<b>Driftskostnader</b>				
Bruk av tenester (transport)		30 183 801	25 071 324	23 997 526
Løn og sosiale kostnader	9	8 914 792	9 371 500	9 157 620
Andre driftskostnader	13	32 682 951	34 914 272	35 945 965
Ordinære avskrivningar	2	5 625 317	5 855 731	5 061 216
Tap på krav		51 060	45 000	-14 412
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>77 457 921</b>	<b>75 257 827</b>	<b>74 147 915</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>2 352 667</b>	<b>-1 362 623</b>	<b>2 114 263</b>
Renteinntekter		945 179	500 000	2 169 925
Anna finansinntekt		121 856	300 000	96 631
Verdiauke marknadsbaserte omlaupsmidlar	7	7 657 545		-1 437 249
Anna finanskostnad	11	1 507 509	10 000	1 710 654
Renteutgifter				
<b>Netto finanspostar</b>		<b>7 217 072</b>	<b>3 490 000</b>	<b>-881 347</b>
<b>Resultat før ekstraordinære postar</b>		<b>9 569 739</b>	<b>2 127 377</b>	<b>1 232 916</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>9 569 739</b>	<b>2 127 377</b>	<b>1 232 916</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>9 569 739</b>	<b>2 127 377</b>	<b>1 232 916</b>
<b>Disponering av årsresultat</b>				
Til annan eigenkapital	8	9 569 739	2 127 377	1 232 916
<b>Disponert årsresultat</b>		<b>9 569 739</b>	<b>2 127 377</b>	<b>1 232 916</b>

# Balanse

## Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2009	2008
<b>Eigneluter</b>			
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Tomter	2	31 681 877	5 481 877
